



**Arkiv:** FA-U43  
**JournalpostID:** 20/16886  
**Saksbehandlar:** Arild Sunde Rinnan  
**Dato:** 11.01.2021

## Saksframlegg

| Saknr.   | Utval         | Møtedato   |
|----------|---------------|------------|
| PS 08/21 | Kommunestyret | 15.02.2021 |

### Gjenopptaking av behandling av søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til akvakulturanlegg i NFFF-område ved Bugane

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 avslår kommunestyret i Sykkylven kommune søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for å kunne etablere akvakulturanlegg ved Bugane, aust for Ramstadvika. Bugane som akvakulturlokalitet bør i staden vurderast som ein del av den kommande planprosessen om sjøområda i Storfjorden.

#### Kommunestyret - 08/21

#### **KST - behandling:**

Nytt forslag til vedtak frå SP, foreslått av Sveinung Vemøy, Senterpartiet  
Kommunestyret i Sykkylven kommune gir for 5 års perioden (xxxx – xxxx) dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for å kunne etablere akvakulturanlegg ved Bjugane, aust for Ramstadvika. Ein ser dette som eit tiltak for å kunne betre smittesituasjonen for fisk i Storfjorden, samt gi kommunen nødvendige tilleggsinntekter frå Havbruksfondet.

Det skal i 5 års perioden haldast samarbeidsmøte mellom kommunen, havbruk og grendelaga i Ramstaddal, der rådgivande biologar/veterinær må delta for orientering og ytterlegare innspel.

Kommunen skal i 5 års perioden delta i minimum 2 årlege internrevisjonar ved miljøvernkonsulent(?) der ein observerer praktisering av sertifisering innan ASC sine krav for berekraft, samt miljøundersøkingar ihht. bruket sitt eige overvåkingsprogram for miljø.

Fellesframlegg frå H, SP, KrF og V, foreslått av Jarle Strømmegjerde, Høgre

Sykkylven kommunestyre imøtekjem søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for å kunne etablere akvakulturanlegg ved Bugane, aust for Ramstadvika med følgjande føresetnader:

- Den totale lokalitetsbiomassen i Storfjorden blir uendra eller redusert
- Dispensasjonen blir gitt for 5 år, med krav om evaluering av påverknad på lakselus i anlegget og på

villfisken

- Det blir elles vist til krav og oppmodingar frå Statsforvaltaren gjengitt i saka

SP v. Vemøy trekte så første avsnitt i forslaget sitt.

Deretter vart fellesframlegget sett fram av Jarle Strømmegjerde og 2. og 3. avsnitt i forslaget frå SP v. Vemøy samrøystes vedteke.

#### **KST - Vedtak:**

Sykkylven kommunestyre imøtekjem søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for å kunne etablere akvakulturanlegg ved Bugane, aust for Ramstadvika med følgjande føresetnader:

- Den totale lokalitetsbiomassen i Storfjorden blir uendra eller redusert
- Dispensasjonen blir gitt for 5 år, med krav om evaluering av påverknad på lakselus i anlegget og på villfisken
- Det blir elles vist til krav og oppmodingar frå Statsforvaltaren gjengitt i saka

Det skal i 5 års perioden haldast samarbeidsmøte mellom kommunen, havbruk og grendelaga i Ramstaddal, der rådgivande biologar/veterinær må delta for orientering og ytterlegare innspel.

Kommunen skal i 5 års perioden delta i minimum 2 årlege internrevisjonar ved miljøvernkonsulent(?) der ein observerer praktisering av sertifisering innan ASC sine krav for berekraft, samt miljøundersøkingar ihht. bruket sitt eige overvakingsprogram for miljø.

## **Saksutgreiing**

### **Bakgrunn for saka**

Det er søkt om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for å kunne etablere akvakulturanlegg/oppdrettsanlegg på område avsett til natur, ferdsel, fiske og friluftsliv ved Bugane aust for Ramstadvika.

Sjå vidare under «Saksopplysningar» for grunnlaget til gjenopptaking av dispensasjonsbehandlinga.

## **Saksopplysningar**

### *Oppsummering av behandling av søknaden*

Søknad om dispensasjon vart motteken av kommunen 10.05.2019. Dispensasjonssøknaden var ikkje varsla/nabovarsla. Kommunen sendte difor søknaden til ei høyring til offentlege instansar, aktuelle grunneigarar og interesseorganisasjonar. Det kom i alt 10 merknader gjennom høyringa. Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen) ønska supplerande informasjon frå søker før dei gav sine endelege merknader. 29.10.2019 var også Statsforvaltaren sine merknader til søknaden mottatt av kommunen. Ei oppsummering av innkomne merknader er å finne i vedlagt dokument «Disp Bugane\_Merknadsoppsummering». Hofseth Aqua As fekk anledning til å kommentere dei innkomne fråsegnene i etterkant av høyringa.

Dispensasjonssøknaden vart tatt opp i møtet til nærings- og utviklingsutvalet (NU) 11.05.2020 i sak 28/20. NU gjorde følgjande vedtak:

«Å gi dispensasjon av areal til bruk for oppdrett er av så vesentleg betydning i høve til vedteken kommuneplan at NU sender saka til kommunestyret for handsaming.»

Kommunestyret behandla saka den 22.06.2020 i sak 27/20. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak: «1. Spørsmålet om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for å kunne etablere akvakulturanlegg ved Bugane aust for Ramstadvika, vert å kome attende til når fleire opplysningar ligg føre.

2. Området Bugane er ein del av Storfjorden. Kvar kommune bør ikkje handsame einskildsøknader innanfor sine kommunegrenser som har konsekvensar for heile fjordområde. Sykkylven kommune tilrår at det vert utarbeida ein felles plan for akvakultur for Storfjorden. Gjennom ein felles plan kan ein finne den beste strukturen for denne type aktivitet i heile fjordsystemet.

3. Ein ferdig plan treng likevel ikkje å ligge føre ved neste handsaming.»

#### *Grunnlag for gjenopptaking av dispensasjonsbehandlinga*

I november/desember 2020 vart kommunen informert av fylkeskommunen at Hofseth Aqua AS er villig til å redusere biomassen på andre akvakulturlokalteter om Bugane skulle bli klarert.

Statsforvaltaren skriv i e-post 02.12.2020 at dei kan akseptere ei slik løysing og legg til desse premissa:

- Den totale lokalitetsbiomassen i Storfjorden blir uendra.
- At dispensasjonen blir gitt for 5 år, med krav om evaluering av påverknad på lakselus i anlegget og på villfisken.
- Det må settast krav til at fortøyingane til anlegget tek omsyn til kjøtkorall (*Anthomastus grandiflorus*)
- Dei oppmodar til at det blir set krav om bruk av plastringar, altså at det blir brukt ny anleggsteknologi

Fylkeskommunen og Statsforvaltaren ber kommunen ta oppatt behandlinga av dispensasjonssøknaden om akvakulturlokaltet på Bugane og fylkeskommunen legg til at om det blir fatta eit positivt dispensasjonsvedtak kan søknaden om ny akvakulturlokaltet bli behandla etter akvakulturloven. I behandlinga etter akvakulturloven vil også plassering av fortøyingar og miljøpåverknad bli vurdert. Det er også her at dei set den maksimale lokalitetsbiomassen ein akvakulturlokaltet kan ha.

Saka blir sendt til behandling i kommunestyret direkte utan først å bli behandla i NU. Dette er grunna vedtaket gjort av NU 11.05.2020 i sak 28/20.

#### *Status felles plan for sjøområda i Storfjorden*

Etter behandlinga gjort i kommunestyret har kommunane Sykkylven, Stranda og Fjord ein intensjon om å starte ein felles planprosess som skal resultere i ein felles kommuneplan for sjøområda til dei tre kommunane. Prosjektet har søkt Marint miljørings- og verdiskapingsfond å fått innvilga 1 230 000 kroner i tilskot. Sykkylven kommune sitt økonomiske bidrag for prosjektet i 2021 er avsett i årets budsjett. Det søkast no etter ein prosjektleiar for å leie prosjektet.

#### *Dispensasjonssøknaden*

Søkjer: Hofseth Aqua As

Namn på gjeldande overordna plan: Kommuneplan Arealdelen 2013-2025

Planføremål i gjeldande plan: Natur, fiske, ferdsel og friluftsliv (NFFF)

Samfunnstryggleik: Anlegget blir liggande i eller i umiddelbar nærleik til aktsemdsoner for jord og flaumskred, samt snøskred.

Potensiell fare frå sekundærverknad av skred frå Åknes (flodbølgje)

Naturmangfald: Art Anthomastus grandiflorus (Kjøttkorall), nær trua.

Førekomst av brisling. Førekomst er av stor forvaltningsmessig interesse og er definert som nær trua

Førekomst av sild. Førekomst av særleg stor forvaltningsinteresse

Førekomst av sei. Førekomsten er av særleg stor forvaltningsinteresse

Art Ledella messeanensis, et blautdyr/skjell: art av særleg stor forvaltningsinteresse.

På land er det observert førekomst av oter

I Ramstaddalselva, vest for Bugane har det historisk vært en bestand av laks.

Deler av Buganesområdet er på land markert som inngrepsfri natur.

#### Grunngjeving i søknad:

- Forundersøkingar og pågåande undersøkingar/utgreiingar viser at området og lokaliteten er svært godt egna til matfiskoppdrett av laks/regnbueørret.
- Ønsket om å ta i bruk Bugane som ny lokalitet for produksjon av laks/regnbueørret heng saman med at selskapet er i ferd med å endre og forbetre selskapets lokalitetsstruktur i Storfjorden med omsyn til miljø, berekraft, fiskehelse og fiskevelferd.
- Ved Bugane planleggast eit topp moderne anlegg med det siste av tekniske løysingar
- Frå slutten av 2014 til byrjinga av 2016 hadde selskapet til dels store utfordringar knytt til lakselus. Ser ein bort ifrå dette har selskapet hatt lite problem med lakselus. Selskapet tok konsekvensar av problemet som var 2014-2016 og gjekk inn i eit samarbeid med blant anna Optimar om utvikling av Optilicer for mekanisk fjerning av lakselus. Dette og andre tiltak (Stingray luselaser blir nemnd), har medført at selskapet nå har meget god kontroll på lakselusa i Storfjorden.
- Selskapet har eit sterkt fokus og null toleranse med tanke på rømming
- Selskapet ønskjer å bidra til å skape nye arbeidsplassar ute i kommunen. I tillegg har dei ein klar preferanse for å bruke lokale leverandørar så langt det er mogeleg.
- Hofseth Aqua har elles eit positivt og utstrekt samarbeid med villaksinteresser og elveigarlag i Storfjorden og på Sunnmøre.

I etterkant av høyringsinnspela har Hofseth Aqua As sendt meir dokumentasjon til kommunen, blant anna meir kartmateriell, havbunnundersøkelse, utbredelse av utslipp frå lokaliteten, ROS analyse for sekundærverknad frå fjellskred i Storfjorden og berekning av flodbølger.

#### Rettsleg grunnlag

Det blir søkt om dispensasjon frå følgjande:

Kommuneplan Arealdelen, føresegna punkt 5.1 Område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv (NFFF): «Sjøareal avsett til ålmenn bruk. Akvakulturanlegg kan ikkje etablerast innanfor området.

*I NFFF-område som grensar inn til område for akvakultur, kan forankring av akvakulturanlegg strekke seg inn i sone for NFFF, under føresetnad av at forankringa har tilstrekkeleg djupne, er utan bøyemarkering eller anna som kan vere til hinder for skipsfarten.»*

Heimel til dispensasjon (plan- og bygningslova § 19-2):

*«Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.*

*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.*

*Ved dispensasjon fra loven og forskriften til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet.*

*Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.*

*Departementet kan i forskrift gi regler for omfanget av dispensasjoner og fastsette tidsfrist for behandling av dispensasjonssaker, herunder fastsette tidsfrist for andre myndigheters uttalelse i dispensasjonssaker og gi regler om beregning av frister, adgang til fristforlengelse og konsekvenser av fristoverskridelse.»*

## **Vurdering**

Det er naudsynt med ein dispensasjon frå kommuneplanen før det kan etablerast akvakulturanlegg ved Bugane slik dagens arealplan er vedtatt. Fylkeskommunen minner om i si fråsegn at ein innvilga dispensasjon betyr at ein aktør då har lov til å søke om å nytte arealet til akvakultur. Sykkylven kommune skal i denne saka først ta stilling til og vurdere om det å gje ein dispensasjon, slik at det er mogleg å nytte området til akvakultur, vil vesentleg tilsidesette gjeldande kommuneplan.

I planprosessen til kommuneplanens arealdel i 2013 var det fokus på å inkludere sjøområda til kommunen. Inntil då hadde ikkje kommunen heimel til å styre arealbruken i sjø. Kommuneplanen skulle blant anna avklare framtidig arealbruk, der næringsinteresser i sjø vart samordna med friluftsliv og naturinteresser. Resultatet vart at sjøområda i hovudsak vart lagt ut som felles område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv (NFFF) som ville hindre ytterlegare konsesjonar for oppdrett i kommunen. Ved Rønaset var det allereie ein konsesjon for akvakultur. Det vart her lagt inn eit akvakulturområde-område, som det einaste i kommunen. Det framstår som tydeleg at kommunen og politikarane hadde eit bevisst forhold til at det ikkje var ønskeleg med fleire akvakulturanlegg i kommunen ved eigengodkjenning av kommuneplanen i 2013.

I NFFF områda i kommunedelplanen er sjøområda avsett til ålmenn bruk. Det er difor naturleg å vurdere kva ålmenne interesser som er i området i dag og som kan vere aktuelle i framtida. Området Bugane ligg utanfor allfarveg i den forstand at det ikkje er nokon lett tilkomst til område anna enn med båt. Det er bratte fjellsider som legger avgrensing på det meste av den landbaserte friluftslivet i området, men som det kjem fram i fråsegnene er området brukt til hjortejakt av Ramstad grunneigarlag. Dei kan ha nytte av ein fri tilkomst til område med båt om felt hjort må fraktast ned fjellsida til sjøen. Det kjem fram i Åker blå sine tilleggscommentarar at plassering av anlegget ikkje vil legge avgrensing på tilkomsten til landområdet frå båt. Men det blir ikkje nemnd den auka kjensla av privatisering som likevel kan oppstå i området som kan legge avgrensing på privat båttrafikk i

område. Dei ålmenne interessene i sjøområda er i stor grad knytt til fritidsfiske. I tillegg til å kunne gje negative konsekvensar for fritidsfiske ved Bugane, kan eit oppdrettsanlegg her gje negative verknader til Ramstaddalselva der det pågår ein 5-års plan for kultivering av elva. Noko som blir tatt opp av fleire partar i sine merknader.

Ålesund og Suløy Fiskarlag seier det eit lite eller ingen fiskeaktivitet av kommersiell betydning i området.

I fråsegna av dispensasjonssøknaden har Statsforvaltaren påpeika behovet for ein heilskapleg plan for akvakultur i Storfjorden og at ein ikkje kan styre utviklinga gjennom dispensasjonar og har sagt at dei vil vurdere å klage på eit positivt dispensasjonsvedtak. Fylkeskommunen har i si fråsegn vurdert at klarering av Bugane vil gje ein betre lokalitetsstruktur i Storfjorden som kan gje betre drift og kontroll på smittesituasjon med lus. Administrasjonen er samd med Statsforvaltaren om at det er uheldig å styre utviklinga i Storfjorden med dispensasjonar og at det er behov for å utarbeide ein felles plan for sjøområda. Ein felles planprosess for sjøområda for Fjord, Stranda og Sykkylven kommune er no i oppstartsfasen og målet er ein felles kommunedelplan som legg premissa for bruk og vern av sjøområda. Eit av temaet i denne planprosessen blir akvakultur.

I brev og e-post frå fylkeskommunen og Statsforvaltaren i desember 2020 så verkar det som Statsforvaltaren no er meir positiv til å gje ein dispensasjon til ein akvakulturlokalitet på Bugane, men med atterhald om blant anna at den totale biomassen for Storfjorden ikkje aukast. Noko signala frå Hofseth Aqua AS er at dei aksepterer ved å redusere biomassen på andre lokalitetar om Bugane blir klarert.

Statsforvaltaren ser nok at ein endra lokalitetsstruktur, utan auke i biomasse og andre vilkår, kan gje betre kontroll på smittesituasjonen i Storfjorden, som fylkeskommunen viste til i si tidlegare fråsegn. Administrasjonen ser også fordelane med denne endra lokalitetsstrukturen for Hofseth Aqua AS i Storfjorden utan auke av samla biomasse. Å gjere dette gjennom dispensasjon vil likevel vere svært uheldig når ein heilskapleg planprosess for sjøområda er i oppstartsfasen. Vurdering av nye, og endring av eksisterande akvakulturlokaliteter bør gjerast samla som ein del av denne planprosessen for sjøområda og ikkje førehandsgodkjennast ved dispensasjon før planprosessen er i gang. Eit positivt dispensasjonsvedtak kan også gje presedens for liknande saker der det er ønske om å etablere akvakultur på lokalitetar i Sykkylven, noko kommune har fått konkrete førespurnader frå oppdrettsfirma om. Politikarane og lokale/regionale interessentar bør få presentert eit samla planforslag for sjøområda i Sykkylven og resten av Storfjorden å basere sine avgjersler på, ikkje enkelt saker for kvar ny lokalitet.

### *Samfunnstryggleik*

Lokaliteten ved Bugane er utsett for sekundær verknad for skred frå Åknes. Dette er utgreia nærare i tilleggsinformasjonen tilsendt frå Hofseth Aqua AS. Det manglar ei nærare utgreiing av skred frå ovanforliggende terreng. Der er det aktsemdsoner for jord og flaumskred, samt snøskred. Dette påpeikar Statsforvaltaren i si fråsegn at manglar, samt å plassere tiltaket i ei tryggleiksklasse for å vite kvar ein må plassere tiltaket tilstrekkeleg trygt. Dette er avklaringar som må på plass før det eventuelt blir gitt konsesjon for området.

### **Samla vurdering**

Det blir vurdert frå administrasjonen at ein dispensasjon til å etablere akvakulturanlegg ved Bugane vil vesentleg tilsidesette kommunedelplanen på punkt 5.1 i føresegnene. Ei samla vurdering om fordelane er klart større enn ulempene blir difor ikkje gjort, då dei to vilkåra i § 19-2 2.ledd er kumulative. Anbefalinga frå administrasjonen er difor å avslå søknad om dispensasjon.

Om kommunestyret likevel vel å gjere eit positivt dispensasjonsvedtak, så bør ein sjå til premissa til Statsforvaltaren i brev frå fylkeskommune datert 03.12.2020.

### **Økonomiske konsekvensar**

Kommunar som har klarert lokalitetar for oppdrett av laks, ørret og regnbueørret i sjøvatn, får ein del av inntektene som fordelast årleg gjennom Havbruksfondet. Kva størrelse det er på beløpet som blir

tilført Sykkylven kommune om Bugane vært klarert er ikkje sakshandsamar kjend med.

Geir Ove Vegsund  
kommunedirektør

Bjarte Hovland  
einingsleiar tekniske tenester

**Vedlegg:**

Brev frå fylkeskommunen 03.12.2020-Dispensasjonsbehandling av ny akvakulturlokalitet på Bugane i Sykkylven kommune

E-postkorrespondanse fylkeskommunen-Statsforvalteren-kommunen desember 2020

Behandling av søknad om dispensasjon frå kommuneplan til akvakulturanlegg i NFFF-område ved Bugane

Oversiktskart over Bugane

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen

Utreiing Bugane

Innspel frå høyringa\_samla

Disp Bugane\_Merknadsoppsummering

Kommentarer til merknader - søknad om dispensasjon - etablering av matfiskanlegg ved Bugane

Akvakultur i Storfjorden - møte sektormyndigheiter 04.12.2019 møtereferat

Sykkylven Kom - Kommentar til merk knyttet disp søknad - 11.10.2019

ÅB\_Kom\_Høring\_Bugane\_arealplan\_1019

Åkerblå Notat Organisk utslipp Matfiskalegg Hofset Aqua As0719

C-undersøkelse Bugane 0319

IK Beredskapsplan Matfisk

IK Overvåkningsprogram Miljø

Ny Rapport\_Optimal lokalitetsorganisering i indre Storfjord

Risikovurderinger og beredskap ved økt fare for ras i Storfjorden

Spredningsmodellering Bugane

20180965-01-TN\_Flodbølge oppdrettsanlegg Storfjorden\_endelig

Bugane\_Komplettkartpakke\_0319